

KRIGSMINNE.

Harald Findreng fortel.

Den 9.april 1940 kom meldinga om åtaket på landet som eit sjokk på folk her i Vrådal og.Men det gjekk lang tid før vi såg noko til tyskarane.Dei første tyske soldatane kom her framom frå sør med bilar.Men dei vart ikkje verande i Vrådal.Seinare kom det nokre tyskarar som rekvirerte husrom på Lønnegraff.På taket av barneheimen rett nedanfor Lønnegraff bygde dei eit vakttårn.Det hadde store glas på alle fire sider.Her var det vaktpost som heldt utkik etter fly og anna.

Ein dag kom det 2 tyskarar heim til meg og ville høyre om eg hadde båt.Eg måtte sanne at eg hadde to pråmar.Eg fekk greie på at dei hadde bestemt at alle båtar skulle flyttast til Eidsto.Der ville dei halde vakt over dei,så ingen kunne bruke dei.Det var,etter det eg fekk høyre,for at ingen skulle kome seg over på hi sida av Nisser.Tyskarane hadde oppdaga at det gjekk føre seg flyslepp inne på heia der.Containarar med utstyr til heimefronten vart slept ned i fallskjerm.Motstandsfolka heldt til i to hytter på Nissedalsheia.Ei stor hytte som ligg ved Dyrvatn,tilhøyrer Cappelen.Ei anna mindre hytte som heiter Kil ligg ved Lytingvatn.Eg hadde ein ny og ein gammal pråm.Den nye fekk eg lov å legge bak låa.Men den andre måtte eg ro langs land til Eidsto.Dei to tyskarane vart med meg i pråmen.Eg fekk ordre om å ro minst 50 meter frå land.Dei var redde for at nokon skulle skyte på oss frå bilar som for etter vegen.Då vi kom fram,vart pråmen dregen på land saman med andre båtar nedanfor Graverjordet.Eg måtte innom Furuheim.Der hadde nokre tyskarar kvarter.Her fekk eg skrive ut ein passersetel,så eg kunne kome meg heim.Det var nemleg ein kontrollpost i Steankryssset.Sykkel hadde eg teke med meg i pråmen,så eg kunne sykle heimatt.

Ei tid arbeidde brørne mine og eg på anlegget ved Reiskås.Der vart det bygd skyttargraver,bunkersar og dekningsrom.Oppe i fjellskråninga vart det skote ut eit større rom som ,etter det som vart sagt,skulle brukast til lasarett.På det meste var det rundt 100 mann som arbeidde her.Oppsynsmennene var norske.Dei hadde ikkje uniform.Overoppsyn med det heile hadde tyskarane.Nokre av dei budde på Lønnegraff.Amalie Vrålid var kokke for dei der.Andre budde på hotell.

Anleggsarbeidet kom aldri så langt at forskansningane vart tekne i bruk.

Tyskarane for rundt og samla alle radioar og skytevåpen.Men eg fekk gøymt unna nokre gevær.Vi dreiv elgjakt og ekornjakt.Dette var strengt forbode.Vi var ein gong på hi sida langt oppe i heia,på jakt.Eg hadde skote mange ekornar.Så var det kulehol i skinna,da veit du!Dei var ikkje vengde,men med kjøtsida ut.Mange ville ha dei slik.Da såg dei om skinna var fine,og ikkje sunde.Eg hadde laga med ei pilbørse.Er det ikkje armbrøst det heiter?Så

hadde bloda pilane i spissen og sett dette ferdig oppå gangen ved sida av skinna. Så når tyskarane kom, dei for rundt på kontroll, så fann dei desse skinna då. "Gevær, gevær," sa dei. Så kom kjeringi fram med pil og boge. Eg sa at den hadde eg bruka. Dei tok bogen med seg ned på tunet. Så dreiv dei å sikta og sikta, og drog av. Jau, til slut så fann dei han god nok. Dei roa seg med det. Men eg hadde skote med salongrifle.

Ein gong kom vi over frå hi sida. Vi var 6 mann og 2 elgar i båten. Pråmen var så lasta, det var omtrent ikkje att noko. Men det var heilt stilt. Så det gjekk bra. Det var ein sport dette med den ulovlege elgjakta under krigen. Det var ei spenning med det å klare å lure tyskarane.

I 1945, tett etter at det hadde vorte fred, arbeidde det 40 tyskarar i Horgeviki. Dei låg i telt. Telta sto tett i tett, så det såg ut som ein indianarleir. Dette var tyskarar som hadde gjort minst ugagn her i landet under krigen. Det var sivilt arbeid. Dei drev med å rive opp tyristuvar til eit retortanlegg i Treungen. Dette gjorde dei medan dei venta på å få kome heim til Tyskland. Etter at dei fekk høyre at dei fekk behalde peningane som dei fekk for arbeide sjølve, arbeidde dei mesta natt og dag. I Treungen brende dei ut tjøra og tok vare på trekola. Tyskarane var heilt oppunder Hægefjell og opp mot Lauvlundnuten etter suvar, gamle furer og lægar. Dei hadde feltkjøken og kokk. Brød og anna henta dei frå Treungen. Eg hadde full jobb med å frakte dei til og frå over fjorden.

Vi fekk heili tida under krigen greie på kva som hende både heime og ute. Det var folk som hadde radio. Så fekk vi da greie på at det gjekk mot slutten med krigen. Ein dag kom det ein flokk tyskarar rekande oppå jordet her. Dei toss vere jaga og visste liksom ikkje kva dei skulle. Dei stoppa opp her oppe og kvilde der som skraphandelen er no. Så kom dei ned fleire mann. Vi hadde ikkje så fælt med mat. Men jordepleskal og høtt som helst subba dei i seg. Dei var heilt utsvelte.

Kort tid etter var krigen slutt.